

Om normering av nynorsk

<Eg begynte med å gå raskt gjennom dei første punkta på støttearket, sjå det, og jf. for utfylling artikkelen min i H. Omdal og R. Røsstad (red.): Språknormering – i tide og utide? Novus, 2009. Følgjande tekst startar der eg nettopp har referert dei to "kløyvingsvisjonane".> [Støttearket er vedlegg.]

Dagens offisielle visjon – som også står sterkt i målrørsla – ser ut til å likne mye på visjon 2b. Men det finst òg ein annan type visjonar, nemleg visjonar om kva nynorsken skal vere i seg sjølv, og det er *dei* visjonane som først og fremst bestemmer kva syn vi har på rettskrivingspolitikken. Dei kan summarisk settast opp slik:

- 1 Nynorsken skal vere det heilnorske, kanskje jamvel norrøne, språket for vår tid, og må derfor reinskast og førast så langt tilbake til Ivar Aasens målform som mogleg. Den praktiske tilpassinga av dette synet tar gjerne utgangspunkt i den konservative delen av 1917-rettskrivinga som ein mal.
- 2 Nynorsken skal først og fremst reflektere folkeleg talemål slik det framstår i dialektane. Konsekvensen av det blir ein vid valfridom for dialektnære former frå ulike landsdelar.
- 3 Nynorsken skal vere eit bidrag til å få ein framtidig samnorsk så folkeleg som mogleg, blant anna ved å støtte opp om folkemålsformer som har breitt talemålsgrunnlag, men som ikkje er godtatt eller møter sterk motstand i bokmålet.
- 4 Nynorsk skal vere eit kulturspråk som vernar om sentrale litterære verdiar innanfor den norske felleskulturen. Det disponerer for ei normering der ulikskap med bokmålet blir framheva.
- 5 Nynorsk skal fungere som eit jamstilt nasjonalt standardspråk parallelt med bokmålet og med ein tilsvarende funksjon (i alle fall i skrift, etter manges meining òg i tale). Det disponerer for ei relativt stram normering med mindre valfridom.
- 6 Nynorsk skal fungere som "riksspråk" i dei områda der han no er vanleg, særleg Vestlandet. Det disponerer for ei normering der vestlandske former får forrang.

Sjølve rettskrivingssyna grupperer seg langs to aksar. Det er aksen likskap vs. ulikskap med bokmål, vi kan òg kalle det tilnærming vs. tradisjon, og aksen valfridom vs. stram normal. Langs begge aksane og i alle retningar er det gradsskilnader mellom moderate og meir kategoriske syn.

<Her gjekk eg raskt over dei neste par sidene i støttearket, sakshistorikken, jf. òg Fretlands innlegg. Eg går her vidare med å drøfte den nye nemnda.>

Mandatet for nemnda baserer seg nokså mye på det vedtaket styret i Språkrådet gjorde i 2007. Departementets presisering om ikkje å normere for strengt mot folks språkkjensle og regionalpatriotisme er med som pkt. 3 i mandatet. Interessant er også ei tilføyning som er gjort under pkt. 2: "Norma skal vera lett å bruka uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse." Det er eit edelt mål, men det kan vise seg å bli eit overmenneskeleg krav til denne nemnda. Eg skal komme tilbake til ein del problem som må takast opp dersom nemnda og Språkrådet vil gjere alvor av denne formuleringa.

Men på dette punktet høver det å komme inn på noko Jan Terje Faarlund skriv i DT siste veka. Han kritiserer nemnda for å vere for lite fagleg tung, og hevdar det synet at fagfolk må

avgjere denne saka, ikkje språkbrukarinteressene; han åtvarar såleis mot det å ha offentlege høringar, slik mandatet legg opp til. Han dreg opp ein viktig debatt, men konklusjonane hans er etter mitt syn grunnleggande feilaktige og potensielt farlege. Han står fram som tilhengar av språkteknokrati, på det grunnlaget at vanlege folk er ueinige om alt og altså ikkje kan gi noko klart votum.

For meg er det klart at dette synspunktet omgår heile nynorskens problem, som er at nynorsken er mye meir avhengig av brukarane sine enn brukarane er av nynorsken. Det viser seg ved den urovekkande lekkasjen av nynorskbrukande ungdommar som går over til bokmål. Grunnen til at dette skjer, er samansett, og etter mitt syn langt meir samfunnsmessig enn språkleg. Ein kan ikkje stoppe dette og lokke ungdom til nynorsk ved å reformere rettskrivinga. Men ein kan gjere skade med ei rettskrivingsendring som ikkje tar brukaromsyn. Same kor god rettskrivinga blir i filologiske eller puristiske auge, så er ho til liten nytte dersom lekkasjen held fram.

Denne lekkasjen skjer mens den nynorske elitekulturen er meir springlevande, vital og kreativ enn nokon gong, så vidt eg ser. Dei nynorske utstillingsvindauga er flotte, og blir berre rikare for kvart år. Det er ikkje eliten som treng reform, den greier seg godt. Dersom nokon treng det, er det brukarane og brukarsamfunnet. Og med det meiner eg dei som bruker nynorsk frivillig til dagleg, enten det er av overbevisning eller av vane, og eg meiner dei samfunna der nynorsk er kollektivets dominerande språkform som alle forhold seg til dagleg på ein automatisk måte. Det er der det blir avgjort om nynorsken overlever eller ikkje, all annan ekspansjon av nynorsk kjem i tillegg til denne basen.

Den største faren for nynorsken er at han blir eit einseitig kulturspråk og sluttar å vere eit samfunnsmessig forankra daglegspråk.

Normsystemet i dag

Går ein inn på sjølve det språklege, så er det rimeleg å seie litt om sideformsystemet først. Som alle her veit, så har nynorsk, og hadde bokmål inntil 2005, ein rettskrivingsnormal i to nivå. Vi har dei såkalla *hovudformene*, som utgjer *læreboknormalen*. Desse formene er dei einaste som er tillatne i lærebøker og for skolen og i offentlig teneste. Så har vi ein del valfrie former som står i klammer i ordlistene, det er dei såkalla *sideformene*, som er tillatne for skoleelevar i dei skriftlege arbeida deira. Det er delvis tradisjonelle former, delvis tilnæringsformer, og delvis regionalt prega former som skal gjere det lettare for elevane å skrive nært opptil talemålet.

Dette systemet har fungert som eit kompromiss mellom dei som ønskte ein fast normal med lite valfriheit og dei som ville ha mest mogleg valfriheit. Formålet med det var å senke terskelen inn til nynorsken ved å ordne det slik at flest mogleg skulle kunne bruke sine egne talemålsformer i skrift. Eg var sjølv tilhengar av dette systemet da det var til behandling i Norsk språkråd. Men eg ser jo motforestillingar, som særleg går på kompleksitet. Det er eit system som er særleg tilpassa dei språkbevisste og språkopptatte. No er altså premissane andre enn før, og eg baserer meg no på det vedtaket Språkrådet har gjort. Men målet må framleis vere å senke terskelen inn til nynorsken.

Føringane i språkrådsvedtaket er altså at sideformkategorien skal bort, og at det skal bli synleg færre valfrie former. Innanfor denne vide ramma kan komiteen utøve atskilleg skjønn, og det er sjølvsagt heile vitsen med å nemne opp ein fagleg komité, at han skal utøve skjønn.

Fire nivå

No deler eg problemfeltet opp i fire nivå, og vurderer kva som da blir utgangspunkt for dette skjønnet på desse fire nivåa.

1 Eineformer i rettskrivinga

For det første: Der nynorsknormalen i dag har eineformer, er det rimeleg at dei blir ståande. Stort sett er det uproblematisk, men det finst tilfelle der normalen er blitt distansert av språkbruksutviklinga. Eit døme er eineforma *fråsse* for *fråtse*. Eg veit ikkje om nemnda får mandat til å ta opp slike spørsmål, men i all hovudsak reknar eg med at dagens eineformer blir ståande, og at det ikkje blir vurdert å ta inn heilt nye former. Eg trur det er ei fornuftig begrensing, særleg fordi nemnda får så mange vanskelege spørsmål å behandle likevel at dei vil krevje all energi.

2 Jamstilte hovudformer

For det andre har vi dei jamstilte hovudformene i læreboknormalen. Dei fleste av desse er ganske vanlege i bruk, delvis *fordi* det er lærebokformer, men her har vi nok eit gjensidig forhold i det at bruksstatusen og hovudformsstatusen styrker einannan gjensidig. Det vil vere rimeleg her i stor grad å respektere den valfriheita vi har. Men det finst former som så å seie ikkje blir brukt og dermed nærmast er leivningar som har unnsloppe tidlegare reformer, til dømes verbformer som *hava* for *ha* og *lagde* og *sagde* for *la* og *sa*. Det finst òg tilnæringsformer som heller ikkje har komme i (uideologisk) bruk og langt på veg blitt reine ordlisteformer; *fremmend* for *framand* er kanskje eit døme på dette. Her kan ein nok utan problem ta ut noko (men det må sjølvstøtt undersøkjast i kvart tilfelle før ein konkluderer), men eg trur dette blir å rekne som marginale tilfelle.

3 Sideformer

For det tredje har vi dagens sideformer, som det er ganske mange av. Her kan vurderinga bli ganske streng, for det er her ein kan gjere noko som monar for å oppfylle kravet om reduksjon i antalet valfrie former. Det finst sikkert folk som kunne tenke seg å gjere reint bord og kaste ut alt, og behalde læreboknormalen litt slanka, men i bokmålet har dei ikkje gjort det så mekanisk; dei har vurdert former og reglar i kvart tilfelle, og tatt omsyn til bruksstatusen i kvart tilfelle. Det bør nok òg gjerast for nynorsk, om ein skal ta mandatet alvorleg, med alle dei avvegingane som er lagt inn der. Poenget er å skilje ut dei sideformene som er komme inn i allmenn bruk, såpass at dei færreste kanskje oppfattar dei som sideformer. Etter den presiseringa departementet har gitt av oppdraget til Språkrådet, meiner eg det er grunnlag også formelt for å jamstille slike former.

Den typen sideformer som blir verst å hanskast med, er nok dei tradisjonelle formene som blir lite brukt utanfor visse sterkt ideologiske kretsar i målrørsla, men som har ein sterk symbolstatus for dei som bruker dei. Fremst blant desse står *i*-formene i *boki*, *solli*, *ordi* osv. Her kan det nok bli kamp og konfrontasjonar. Mindre kamp blir det truleg om visse tilnæringsformer som klart er mislykka som skriftformer, men som kan ha breitt talemålsgrunnlag. Det kan gjelde formene på *-er* i presens av sterke verb, typen *finner* og *kjemer*. Dei kreftene som kjempar for desse, er truleg for svake til å få gjennomslag.

Men hovudpunktet, slik eg ser det, er altså dei sideformene som har komme i vanleg bruk, og da er det gjerne snakk om tilnæringsformer med breitt talemålsgrunnlag, ofte ekspansive i talemålet. Mandatet gir etter mi mening, som eg alt har nemnt, rom for at slike former skal behaldast og dermed jamstillast. Eg meiner det er det einaste fornuftige, men her er mange usamde, og her kan det nok bli tautrekking. Eit interessant problem har eg ført opp på side 4 på støttearket, nemleg *j*-verba (typen *dynje*, *drysje*, *stynje* m.m.). Her er det truleg sideformene som er mest brukt i praksis, og det er lite truleg at hovudformene kan

gjennomførast som vanlege bruksformer. Det blir interessant å sjå korleis Språkrådet vil behandle desse.

4 Vanskelege regelsystem

For det fjerde har vi det forholdet at vi i delar av morfologien (formverket) har utvikla svært kompliserte regelsystem, på eit språkhistorisk grunnlag, som går litt på tvers av inndelinga ovanfor. Eg skal gå nærare inn på somme av desse, som òg står oppstilte på støttearket.

Eitt slikt problem gjeld lydverket, ikkje morfologien. Det er forholdet mellom kort *y* og *ø* som rotvokal i mange ord, sjå s. 00 på støttearket. Det er ein opphavleg norrøn open *y* som i talemålet over store delar av landet er blitt til *ø*, men der somme meir tradisjonelle dialektar og tradisjonell nynorsk har *y*. Normeringa har opna meir og meir for *ø* i slike ord, men som ein kan sjå på støttearket, så framstår komplekset som inkonsekvent og usystematisk. Ord med *y* eller *ø* som eineform, som *kyrkje*, *lykt* og *mørk*, står ikkje i lista. Men vi kan nok rekne med at *ø* i denne rekka står sterkare i bruken enn i normalen, altså at ein god del sideformer på *ø* vil vere i ganske vanleg bruk (samtidig som det i somme landsdelar nok også slår ut andre vegen).

Sjølv hadde eg med dette å gjere da eg var saksbehandlar i Språkrådet sist på syttitalet. Da foreslo eg å jamstille *y* og *ø* over heile lina, unntatt der det alt var etablert ei eineform. Det ville gjere det mogleg for brukarane å gjennomføre eit konsekvent val etter eigen språksans og eige språksyn, men ikkje tvinge dei til det. Dette fall på steingrunn hos den daverande fagnemnda, og saka vart parkert, lagt bort og glømt, og den rekka de ser på arket, vart ståande som før. Eg veit ikkje kva nemnda vil gjere med det, men ho må openbert sjå på problemet, og eg meiner nok at framlegget mitt den gongen er det beste alternativet framleis, også fordi både *y* og *ø* er ganske vanlege i dei fleste orda, og dei har stor signalverdi i forhold til ideologi og landsdelstilknytning.

Morfologien er nok på visse punkt verre. Innanfor *substantivbøyinga* gjeld det nok dei unntaksgruppene der hankjønnsord får *-er* og *-ene* i fleirtal, mens hokjønnsord får *-ar* og *-ane*, mens dei regelrette formene er sideformer (typen *gjester* [*gjestar*] og *elvar* [*elver*]). Denne fordelinga er det neppe mange som har naturleg kjensle for, så her trengst det både pugging og innsikt for å halde tunga beint i munnen. Samtidig står desse uregelmessige hovudformene svært sterkt i bruken, etter det eg kan sjå. Her har nemnda ei vanskeleg avveging.

I *adjektiva* er det nøytrum av orda på *-en* som er vanskelege. Her dominerer *-e*, *ope*, *nake*. Forma på *-i* er lite brukt – her har vi jo òg to ulike former: sideform i hokjønn *ei opi dør*, som sluttar seg til bruken av *-i* i substantiv, typen *boki* og *solli*, men ikkje går saman med det vanlege a-målet. Men så har vi ei jamstilt hovudform på *-i* i nøytrum: *eit opi hus*. Den heng eigentleg saman med partisippendinga i i sterke verb, typen *kropi*, *funni*, som er jamstilt med *krope*, *funne*. I praksis er ikkje desse formene så parallelle, og *opi* er svært lite brukt og har vore det heile tida. Det er nok grunn for nemnda til å sjå kritisk på den.

Verre er det med sideforma på *-ent*, *opent*, *nakent*. Den er vanleg i talemålet, truleg ekspansiv, og mest fordi den dominerer i nyare ord, som det er ganske mange av. *Guffent*, *kultent*, *kristent*, *lumpent*, *ikkje ueffent* kan i praktisk bruk knapt heite *guffe*, *kulte*, *kriste*, *lumpe*, *ikkje ueffe*, men læreboknormalen insisterer altså på det. Eg meiner at dei brukte formene her bør sleppe fram som hovudformer, jamstilt med *-e*.

Dei to problema eg trur er verst, har eg spart til slutt.

Det første gjeld verbbøyinga, deriblant samsvarbøyinga av perfektum partisipp. Den sistnemnde er jo mye diskutert og kritisert, men det blir feil å gjere det utan å sjå på verbbøyinga i det heile, særleg preteritumsformene, for samsvarsbøyinga i svake verb heng nøye saman med dei. Vi kan sjå på støttearket midt på s. 4.

I sterke verb er det ikkje så vanskeleg. Her er spørsmålet *om* ein skal samsvarbøye eller ikkje, men sjølve formene ein skal halde seg til dersom ein samsvarbøyer, er nokså faste og klare.

Blant dei svake verba er det ei stor bøyingsklasse der dette ikkje er noko problem, nemleg a-verba, typen *kaste*. Det er berre *kasta* uansett, og det fungerer heilt perfekt. Her kan vi sende ein vennleg tanke til gamle professor Marius Hægstad, som i 1901 gjekk med på å avvikle Aasens system med *steinen er kastad – spjotet er kastat – steinarne ero kastade*, og *han kastade steinen*. Elles hadde vi sete med eit kjempeproblem for dei som skal lære språket i dag.

Men i den andre kategorien, som vi kallar e-verb, har vi det altså enno, og det er jo ikkje blitt betre av at det er blitt endra fram og tilbake, helst slik at nye mønster og former er lagt oppå dei gamle. Det som er vanskeleg, er eigentleg ikkje sjølve samsvarbøyinga, men det er vekslinga og valet mellom *d* og *t* i ulike former, der fordelinga dels er avhengig av stammeutlyd: *kjenne* får *d* i fortid fordi stamma endar på *nn*, *føre* får *d* eller *t* fordi stamma endar på *r*, *kjøpe* får *t* fordi stamma endar på *p* osv. Samsvarbøyinga bør sjåast som ein del av heile dette systemkomplekset, og det bør regulert samla.

Da ser vi at den enklaste gruppa er dei som endar på *-te* i preteritum. Her har samsvarbøygde partisipp berre éi form i eintal, t.d. *kjøpt*, og tillegg av *-e* i fleirtal (*varene er kjøpte*). Dette bør vere lærbart. Nest enklast er formene med berre *-de*, og supinum på *-d* eller *-t* (*bygde – bygd / bygt*). Her kan folk gjennomføre *-d* uansett, men om dei vil, kan dei ha *-t* i nøytrum, som særleg på Sørvestlandet står sterkt i talemålet (*huset er bygt*). Verst er dei verba der preteritum har *-de*, men supinum *-t*: *kjende*, han er *kjend*, det er *kjent*, dei er *kjende*. Her har Språkrådet i fleire omgangar prøvd å regulere og utjamne med valfridom, fordi systema i målføra går nokså mye på kryss og tvers. Her er det sideformene på *-te* som gir det enklaste systemet, men dei står nok ofte veikare i skriftleg bruk, trass i at dei står sterkt i talemålet. I gruppa på *-r*, altså *føre*, *styre* osv., var *-te*, altså *førte*, *styrte*, obligatorisk frå 1959 til 1987, men så førte Språkrådet inn att dei gamle formene på *-de*: *førde*, *styrde*, som likestilte former – både av tradisjons- og målføreomsyn. Frå eit enkelheitsomsyn var nok ikkje det noko godt vedtak, sidan *-t*-formene da hadde fått innarbeidd seg godt i bruken. Typisk nok vart det gjort eit unntak i 1987: Verb på *-ere* skulle framleis berre ha *-te*, trass i at mange målføre har *-de*.

Dette er vanskeleg, og Språkrådet gjorde det sjølv vanskelegare i åttiåra ved å ta inn lite brukte former av dialektomsyn, slik som sideforma *det er kjend* attåt hovudforma *kjent*, og former som *fådd*, *gådd*, osv. som står sterkt i nordnorsk tale, men vel berre der. Denne valfridommen er så kombinert med strikte reglar om kva som kan kombinerast med kva, og slik regelfesting er typisk språknerdmat. Vi språknerdar har undervurdert kor vanskeleg dette er for andre.

Så er det reglane for *-j*- og ikkje *-j*- i ei rekkje substantiv og verb, som er så innfløkte at få kan lære dei anna enn ved pugg av dei vanlegaste orda, og som ikkje tilsvarer noko folk har i talemålet eller i språkkjensla. I dag er *-j*- sideform i dei fleste ord. I dag er *-j*- sideform i dei fleste slike ord (*bryggje* [*brygge*], *tenkje* [*tenke*] (men berre *tanke*, enda fleire målføre har *tankje*), *ringje* [*ringe*]) – og desse sideformene blir mye brukt. Men det er ikkje valfridom overalt: Det heiter berre *eit ønske*, og berre *å ønskje* (eventuelt med *y*- og/eller *-a*). Knappt nokon skil i talemålet mellom *-sk-* i det eine ordet og *-skj-* i det andre. Og berre *eit merke* og *eit stykke* (trass i at mange seier *stykkje*), like eins *å merke at noko er gale*, men derimot *å merkje* [*merke*] av noko og *stykkje* [*stykke*] opp noko. Desse reglane er godt grunnlagt språkhistorisk, men ein må ha stor fagleg innsikt for å skjønne dei, og elles må ein puggje. Å gjere desse *j*-ane obligatoriske vil vere å heve terskelen inn til nynorsken og med sikkerheit føre til fleire feil, for folk vil ikkje kunne lære det, unntatt som leksikalisert fenomen i ein del frekvente enkeltord. Det blir berre eit enda meir ugjennomsiktig skilje mellom *-j*- og ikkje *-j*-. Dette er rett og slett ein del av prisen for Aasens språkhistoriske måte å tenke på.

Oppsummering og konklusjon

Eg skal prøve å oppsummere ein konklusjon.

Mange har sett valfriheita som eit stort gode for nynorsken, fordi den har gjort det mogleg for fleire å skrive talemålsnært. Men dei fleste som har hatt meininger om dette, har vore språknerdar som har hatt lett for språk, og vi har opplagt undervurdert kompleksiteten i dette systemet. Det er eigentleg ikkje valfriheita som har vore den vanskelegaste å hanskast med, men kombinasjonen av utstrekt valfriheit og eit strengt skilje mellom tillate og ikkje-tillate. Folk har aldri kunna ta valfriheit for gitt, men har alltid måtta orientere seg om kor grensene går mot det som er utanfor. Vage og komplekse, men nidkjært påpassa, kriterium for godt og rett språk er vanskelege å handtere for folk som les og skriv lite på denne målforma, og særleg for dei som les og skriv lite i det heile.

Dei som les mye og regelmessig, vil derimot, meir eller mindre bevisst, lære at det finst bruksnormer for nynorsken som ikkje omfattar alle tillatne former; vi har noko vi kan kalle ein *prototypisk nynorsk*, slik nynorsk vi ofte ser i offentlege tekster, sakprosa og skjønnlitteratur frå Samlaget, nynorske aviser og blad. Den har eit formval som ligg ein stad imellom det mest konservative og det mest radikale, og det er gjort undersøkingar som gir eit rimeleg representativt bilde av korleis denne bruksnorma er. Stort sett består den av hovudformer, men omfattar også ein del sideformer. Det er ein samanheng mellom dette skriftlege formvalet og utviklingstendensar i folkeleg talemål, men ikkje noe ein-til-ein-forhold. Dei fleste som skriv nynorsk og som ikkje har ideologiske bindingar som får dei til å velje annleis, vil normalt legge seg på eit formval innanfor dette sjiktet som vi kallar prototypisk nynorsk. I nokon grad, altså i ein del former, vil vi ha ein variasjon innanfor det prototypiske, typisk når det gjeld infinitivendinga, der *-a* og *-e* står sterkt i ulike landsdelar. Men denne faktiske variasjonen er begrensa, og meir begrensa enn den formelle valfriheita i rettskrivinga.

Eg vil åtvare mot forsøk på å lage ein ny nynorsk, eller ein nygammal nynorsk, og eg vil ikkje minst åtvare mot ein retorikk som går ut på det. Vårt utgangspunkt må vere at nynorsk er ei god og tenleg målform for oss som bruker den, men ikkje fullkommen. Målet bør altså vere ei regulering og justering av ein innarbeidd normal for å få han til å fungere betre som rettesnor for brukarar, og å senke terskelen inn til nynorsken for nye grupper. Da er det viktig å forenkla dei vanskelegaste regelsystema, men ein bør mest mogleg unngå å forenkla mot hruken. I bokmålet har dei jamstilt felleskjønnsformer i alle hokjønnsord for å gjere det enkelt, så vi får *kuen* og *øyen* og *hytten* og *kjerringen* som jamstilte former. Truleg verkar det meir villeiande enn det motsette, fordi normeringa gir eit feil inntrykk av bruksstatusen. Det bør vi unngå mest mogleg.

Det folk er vant til å sjå som nynorsk, bør dei også i framtida sjå som nynorsk. Altså: Ei konservativ haldning til den noverande normalen, med opning mot brukarane, må vere rettesnora. Dess meir fokus det blir på at nynorsk fungerer dårleg, dess meir gratispoeng gir vi motkreftene, sjølv sagt. Det er ein fare i denne opne prosessen Språkrådet vil ha, at det kan bli veldig mye negativ skriving om former og språkbruk som målfolk ikkje liker. (Men det vil det nok også bli ved ein lukka prosess, tilsett solide dosar mistenkeleggjering.) Sakleg og konstruktiv kritikk av språkbruk er stadig nødvendig, hakking og hets med stadige undergangsvyar for språket bidrar til å svekke og undergrave språket. Også språkkritikk og retting er altså avhengig av kontekst og tone for å fungere etter intensjon og ikkje bli destruktiv. Det er fint om nemnda, fagrådet og Språkrådet kan sjå litt på denne sida òg, attåt arbeidet med sjølve formene.

Da kan vi til slutt sjå litt på første sida av støttearket att, dei seks visjonane for nynorskens funksjon. Dei kan delvis kombinerast med kvarandre, t.d. 4 og 5, og delvis er dei

uforeinlege, t.d. 1 og 3. Kva slags visjonar er det som vil styre Språkrådet og den nye rettskrivingsnemnda? Det blir spennande å sjå. Sjølv har eg sterke reservasjonar mot visjon 1. Visjon 2 vil eg kunne støtte i ei moderert form, men åtvare mot å trekke han veldig langt. Hovudsaka er at nynorsken alt no speglar folkeleg talemål ganske godt, så lenge han ikkje blir altfor puristisk, og at der valfrie former er godt innarbeidde i bruken vil folk gjerne føretrekke den varianten som ligg nærast talemålet deira. Det bør den nye norma opne høve til, så der vil eg anbefale liberalitet. Eg trur mindre på å behalde former som berre er ordlistefyll eller føre inn nye former, og det er vel uansett ikkje aktuelt. Vi må sjå ein klar forskjell på det å skrive nynorsk på ein måte som folk kjenner som heimleg og nærspråkleg for dei, og det å skrive dialekt, som er ei heilt anna øving. – Dei andre fire visjonane meiner eg kan kombinerast i ein normal basert på former som står sterkt i bruk. Dess meir samsvar mellom bruksspråk og rettskrivingsnormal, dess sterkare står nynorsken som heilskapleg målform. Eg trur nok folk gjerne vil rettleiast i kva som er godt språk, men dei vil ikkje tvingast inn i ei språkform som dei føler som framandsleg, gammaldags eller unødvendig vanskeleg, og dei blir vel heller ikkje motivert av klagesongar over at dei skriv så og så gale og elendig og øydelegg språket.

Så konkluderer eg: Eg stør Språkrådets og statens mål om at denne prosessen skal føre til at rettskrivingssaka blir lagt daud som stridssak blant målfolk, ut over dei små ideologiske gruppene som har særinteresser på dette området. Eg trur at dersom resultatet blir slik at ingen blir fornøgd, men dei aller fleste i ulike miljø reagerer med at ”det kunne ha blitt mye verre, dette må vi trass i alt kunne leve med” – og deretter held fram med å skrive nynorsk i hovudsak slik dei er vane med – da vil eg seie at det er det gjort eit godt arbeid. Kanskje vil folk da seie at berget har fødd ei mus, men ei levedyktig mus er i denne samanhengen langt å føretrekke framfor ein daudfødd elefantunge.

Men staten kan ikkje bestemme at den nye rettskrivinga skal bli varig, det kan berre språkbrukarsamfunnet på grasrotnivå. Eg trur nok at det vil bli nye reformer med tida, fordi språkkjensla og forholdet til ulike språkformer også hos nynorskbrukarar er under sterk forandring, og truleg vil nynorsken måtte tilpasse seg desse endringane. Men det bør helst ikkje skje frå tiår til tiår, men heller frå generasjon til generasjon. Det verste som kan skje, er at rettskrivingssaka blir liggande som ein verkebyll i nynorsksamfunnet i årevis framover etter eit vedtak i Språkrådet og departementet, fordi rettskrivinga blir uakseptabel for vanlege brukarar, eller så forandra eller vanskeleg at alle må omskolerast og store delar av det faktiske nynorske teksttilfanget frå nær fortid får status som språkleg forelda. Eg trur dei fleste aktørane i denne saka deler denne vurderinga. Eg meiner at dei prinsippa eg foreslår nedst på første sida av støttearket, er dei som best ivaretar denne målsettinga, så eg avsluttar med å vise til dei.

Lars S. Vikør (20.1.2010):

Støtteark til foredraget ”Om normering av nynorsk”

Målet for offisiell norsk språkpolitikk

På 1900-talet: eit samla norsk språksamfunn med eit felles språkleg repertoar: eitt samnorsk skriftspråk for alle

På 2000-talet: eit samla norsk språksamfunn med eit felles språkleg repertoar: to jamstilte norske skriftspråk for alle

Kontinuitet viktigare enn brot

Fire visjonar for nynorskens framtidige stilling

1 Samlingsvisjonane

1a Einaste riksmål i landet

1b Sterkast mogleg innslag i eit samnorsk

2 Kløyvingsvisjonane

2a Leiande el. einaste språk i kjerneområdet (”målkøyva landet”)

2b Permanent jamstilt språk i språkdelt felleskultur i heile landet (”målkøyva mannen”)

Seks visjonar for nynorskens funksjon

1 Nynorsken skal vere det heilnorske, kanskje jamvel norrøne, språket for vår tid

2 Nynorsken skal reflektere folkeleg talemål slik det framstår i dialektane.

3 Nynorsken skal vere eit bidrag til å få ein framtidig samnorsk så folkeleg som mogleg.

4 Nynorsken skal vere eit kulturspråk som vernar om sentrale litterære verdiar innanfor den norske felleskulturen.

5 Nynorsken skal fungere som eit jamstilt nasjonalt standardspråk parallelt med bokmålet og med ein tilsvarande funksjon (i alle fall i skrift, etter manges meining òg i tale).

6 Nynorsken skal fungere som ”riksspråk” i dei områda der han no er vanleg, særleg på Vestlandet.

Syna på nynorsk rettskriving: to dimensjonar

1 tilnærming (til bokmål) – tradisjonisme

2 valfriheit – stram normal

Mine framlegg til prinsipp for den kommande revisjonen:

1 Bevar den prototypiske nynorsken som eit fundament av omsyn til brukarane og sikringa av nynorsksamfunnet. Færrest mogleg nynorskbrukarar skal måtte omskolere seg språkleg for å skrive ”rett”.

2 Vurder valfrie former (både hovudformer og noverande sideformer) kritisk etter utbreiing i bruk og betydning for språkbrukarane. Ta ut dei som openbert ikkje har ein funksjon, behald dei som betyr mye for mange. Språkideologisk formval, der formene er mål i seg sjølv, bør telje mindre enn ”vanleg” språkbruk der språket primært er reiskap.

3 Vurder regelsystemet i nynorsk. Fjern eller lemp på reglar som er uoversiktlege og må puggast, som få meistrar, og som har lite gjenklang i bruken.

4 Ha i minnet at det nynorske repertoaret er større enn den offisielle rettskrivinga. Ei form eller eit sett former som ikkje er prototypiske, er ikkje nødvendigvis ”galne” eller ”forbodne”, men kan leggje særlege stilistiske føringar på språkbruken. Ikkje prøv å normere heile repertoaret, men ta sikte på den ”slitesterke normalprosaen”.

Saksgangen i rettskrivingsspørsmålet frå 1996 til no

1996: Norsk språkråd tek opp arbeidet med ein gjennomgang og revisjon av normalane for bokmål og nynorsk.

1997: Nynorskseksjonen i rådet vedtek desse prinsippa for nynorskrevisjonen:

- 1 Nynorsken skal ha ein trong læreboknormal, men ei rettskriving med stor valfridom.
- 2 Det skal ikkje vera valfridom innafor læreboknormalen utanom på dei mest sentrale punkta der det er både skriftradisjon for valfridom og svært god talemålsdekning for to hovudformer.
- 3 Hovudgrunlaget for val av former skal vera den nynorske skriftradisjonen. Ein skal leggja vekt på utbreiinga i målføra og den indre bygnaden i skriftmålet.
- 4 Innafor rettskrivinga kan ein opna for utbreidde talemålsformer. Eit minstekrav til nye former i rettskrivinga er at dei representerer det dominerande dialektsystemet i minst éin av dei fire landsdelane (Austlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg).
- 5 Normering skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord eller former. Ved endringar i rettskrivinga skal ein unngå å skipla grunnleggjande systemdrag i skriftmålet.

2000: Språkrådet vedtek eit detaljert framlegg med følgjande hovudinnhald:

For bokmål: Avskaffing av tonivåsystemet (systemet med hovudformer og sideformer), fjerning av lite brukte (helst radikale) former.

For nynorsk: Innstramming av læreboknormalen ved at mange jamstilte former vart degraderte til sideformer (altså færre hovudformer, fleire sideformer, men ingen nye former; dessutan vart somme lite brukte sideformer foreslått fjerna).

Departementet returnerer vedtaka til Språkrådet til ny behandling med ei rekkje spørsmål.

Overordna syn er at departementet ønskjer å få vurdert ei avskaffing av tonivåsystemet også i nynorsk

2001: Ei arbeidsgruppe oppnemnd av fagnemnda arbeider med eit nytt framlegg, m.a. etter ei undersøking og vurdering av bruksstatusen til dei enkelte formene.

2002: Nynorskseksjonen i rådet vedtek å avskaffe tonivåsystemet.

To meiningsgrupper dannar seg både i rådet og i arbeidsgruppa:

A: den liberale, som ønskte å jamstille flest mogleg av dei noverande sideformene,

B: ”innstrammarane”, som ønskte å stryke flest mogleg former, nokre på grunnlag av språkbruken (fjerne lite brukte former), andre på grunnlag av eit tradisjonssyn (fjerne tilnærmingsformer).

På eit seksjonsmøte i rådet i mai får A-synet eit lite fleirtal etter ein del kompromissing på visse punkt. Dette munnar ut i eit høringsnotat der både syn A og syn B blir presenterte. Det blir sendt ut til mange mottakarar, og det kjem inn ca. 45 svar frå nynorskinstitusjonar og målorganisasjonar, norskseksjonar på vidaregåande skolar, nordiskinstitutt på universitet og høgskolar, skribentorganisasjonar og nokre få enkeltpersonar. Responsane viser sterk støtte til tanken om å halde oppe tonivåsystemet, eit fleirtal går inn for dette. Mange går òg inn for å fjerne (ein stor del av) sideformene og stramme inn på valfridommen, men det er mykje sprik når det gjeld kva former ein ønskjer å ta ut. Færre stør syn A (stor valfridom mellom jamstilte former) og det tradisjonalistiske synet (tilbakevending til eit sterkt tradisjonelt nynorsk og forbod mot tilnærmingsformer).

2003: Rådet tek omsyn til høringa og vedtek å halde på tonivåsystemet, og i hovudsak stå fast på vedtaket frå 2000 (med nokre mindre justeringar).

2004: Norsk språkråd blir nedlagt i si gamle form og erstatta med eit nytt organ (kalla Språkrådet). Det består av eit styre og bl.a. fire fagråd, deriblant eitt for normering og språkoobservasjon.

2005: Departementet vedtek at dei foreslåtte endringane i bokmålet skal gjelde frå 1.7.05 (og tonivåsystemet dermed avskaffast i den målforma), mens framlegga for nynorsk blir avviste. Det betyr at gjeldande nynorsk rettskriving ikkje blir endra.

2007: Språkrådet tek eit nytt initiativ med tanke på innstramming av nynorsknormalen (og avskaffing av tonivåsystemet). Vedtaket var slik:

Under føresetnad av godkjenning frå KKD gjer styret slikt vedtak:

- 1 På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ønskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innafør ei norm.
- 2 Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som bruker nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid.
- 3 Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreing og skriftspråktradisjonar er blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye norma.
- 4 Fagrådet for normering og språkobservasjon, saman med sekretariatet, får i oppdrag å planleggja og å følgja opp prosessen, innafør dei retningslinjene som styret gjev. Fagrådet gjer framlegg om samansetjinga av den gruppa som skal stå for sjølve arbeidet. I denne gruppa kan det vera personar frå fagrådet, og det bør vera med ein nynorskrådgjevar frå sekretariatet. I gruppa skal det dessutan vera representantar frå målrørsla, forvaltninga, utdanningssektoren, forlagsbransjen og medieområdet. Fagrådet foreslår òg sekretær for gruppa.
- 5 Styret ber om forslag til arbeidsplan og framlegg om prosjektgruppe innan 15. desember i år.
- 6 Styret tek sikte på å gje endeleg tilråding våren 2009.

2008: Hovudkonklusjonen i Mål og meining, slik det er forma i brev frå departementet til Språkrådet: I meldinga er det ... lagt til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.

2010: Ny komité nedsett, jf. vedlagde pressemelding.

Valfridom i læreboknormalen: Hovudkategoriar

Substantiv

Inkjekjøn: Bøyinga av tre ord: *auga – auga – augo – augo / auge – auget – auge – auga* (+ *hjarte* og *øyre*)

Adjektiv

Nøytrum av adj. på *-en*: *-e / -i*: (huset er) *ope / opi*

Endinga *-et - -ete - -ut*: *steinet / steinete / steinut*

Adverb

Fuga *-a/-an-* i retningsadverb (*utafør / utanfor*)

Pronomen

Personlege: *han / honom* (obj.), *henne / ho* (obj.), *me / vi sjølv / sjølve* (flt.)

Verb

Infinitiv: *-a (kasta – vera) / -e (kaste – vere)* [kløyvd (*kaste – vera*)]

Sterke verb, supinum: *-e - -i*: *funne – funni, vore – vori*

Svake verb, preteritum etter stammeutlyd på *-r*: *-de / -te*: *førde / førte*

Svake verb med vokalutgang, supinum; *-dd / -tt*: (har) *trudd / trutt*

Kort vs. lang form i ei rekkje verb: *blø / bløde* o.a.

Enkeltverb:

bli – blir – blei – blitt / bli – blir – vart – vorte / verte – vert – vart – vorte

gi – gir – gav – gidd / gitt vs. gje(ve) – gjev – gav – gjeve

gjelde: galdt / gjaldt

leggje, preteritum: la / lagde

seie: preteritum sa / sagde

slå – slær / slår – slo – slege / slådd / slått

tore: torer / tør

Oversyn over dei viktigaste sideformkategoriane

Substantiv

Hankjønn:

Fleirtal: *-er - -ene* [ar - -ane] i ord som *gjester – gjestene* [gjestar - gjestane] m.m., og ord på *-a* og *-nad*: *sofaer – sofaene* [sofaar - sofaane], *månader – månadene* [månadar - månadane]

Hokjønn:

Eintal ubestemt form: *-e* [-a] i ord som *ei klokke* [ei klokka]

Eintal bestemt form: *-a* [-i] i ord som *sola* [soli]

Fleirtal: *-er - -ene* [-or - -one] i ord som *klokker – klokkene* [klokkor – klokkone]

Fleirtal *-ar - -ane* [-er - -ene] i ord som *elvar – elvane* [elver - elvene] o.a.

Inkjekjønn:

Fleirtal bestemt form: *-a* [-i] (*orda* [ordi])

Adjektiv

Adj. på *-en*, som *open*: *-en - -en* [-i] – *-e* [-ent, -i] – *-ne*: *open – open* [opi] – *ope / opi* [opent] – *opne*

Endinga *-leg* [-lig]

Pronomen

Eigedomspronomen: *hennar* [hennes], *deira* [deires]

Ubestemte:

annan [annen], *anna* [onnor] (hokj.)

inga [ingi]

nokon [noen] – *noka* [noen, nokor] – *noko* [noe] – *nokre* [noen]

Verb

Kløyvd infinitiv (jf. ovf.)

Sterke verb, presens: [-er]: *finn* [finner], *kjem* [kjemer]

Sterke verb, samsvarbøying: *skreven – skrive / skrivi – skrivne* [skrive / skrivi]

Svake verb, preteritum etter stammeutlyd *-ld, -m, -n, -nd, -ng*: *-de* [-te]: *kjende* [kjente], *sende* [sendte], *ringde* [ringte]

Samsvarbøying av perfektum partisipp:

Hovudregel (som har ymse modifikasjonar og unntak): Perfektum partisipp utan samsvarbøying (med nøytrumsforma som fast form) har status som sideform.

J-verb:

drynje – dryn – drunde – drunt [drønne – drønner – drønte – drønt]

drysje – drys – druste – drust [drysse – drysser – dryste – dryst]

dvelje – dvel – dvalde – dvalt / dvele – dveler – dvelte – dvelt

dynje – dyn – dunde – dunt [dønne – dønner – dønte – dønt]

grøsse – grøsser – grøste – grøst [grysje – grysser – gruste – grust]

rydje – ryd – ruddle – rudd / rydde – ryddar – rydda – rydda

setje – set – sette – sett [sette – sett(er)]

sitje – sit – sat [sitte – sitt(er) – satt]

stynje – styn – stunde – stunt [stønne – stønner – stønte – stønt]

temje – tem – tamde – tamt [temme – temmer – temte – temt]

venje – ven – vande – vant [venne – venner – vente – vent]

Enkeltverb:

dra(ge) – dreg [drar] – *drog – drege* [dradd / dratt]

eige: *åtte* [eigde] – *ått* [eigd]

få – får [fær] – *fekk* [fikk] – *fådd / fått* [fenge]

gjere – gjer [gjøre – gjør]

gå [gange] – *går* [gjeng] – *gjekk* [gikk] – *gådd / gått* [gjenge]

la(te) – lét [lar] – *lét – late* [latt]

ta(ke) – tek [tar] – *tok – teke* [tadd / tatt]

Form på *-st* [-s]:

kallast [kallas]

møtast – møtest – møttest – møtst [møtas – møtes – møttes – møts]

To gjennomgåande problem i lydverket

y – ø

bytte [bøtte]
bølgje [bylgje]
byrd – bør
følgje [fylgje]
fyrst – først
gløtt [glytt]
hyrne – hjørne
lyfte [løfte]
lygn – løgn
lykel – nykel – nøkkel
lykkje – løkke (eng; berre lykkje på tau)
mylne – mølle
nykk [nøkk]
nyste [nøste]
støl – stør [styrd]
støtte [stytte]
sysken [søsken]
syster [søster]
sølje [sylgje]
sølv [sylv]
sørgje [syrgje]
tyrst – tørst
ynske – ønske (subst.)
ynskje – ønskje (verb)
vørda [vyrde]

-j- / ikkje -j- etter g og k

Hovudregel:

- 1) I hankjønns- og inkjekjønnsord skal det ikkje vere -j-: *hage(n), bakke(n), stykke(t), ønske(t)*. Unntak: *følgje(t)*
- 2) I hokjønnsord og verb skal det vere -j- i læreboknormalen, men j-lause former er sideformer: (ei) *klyngje, bryggje, rekkje, lenkje* [*klynge, brygge, rekke, lenke*]; (å) *byggje, ringje, steikje, tenkje, søkje* [*bygge, ringe, steike, tenke, søke*]. Unntak: berre ei *bølgje*, å *følgje*, å *ønskje*, ei *kyrkje*.
- 3) Eit særleg problem er parverba: Dei transitive og svake har j-: å *slengje* (pret. *slengde*), *hengje* (*hengde*), *rekkje* (= gi; pret. *rekte*), *støkkje* (= skremme; pret. *støkte*), *søkkje* (= senke; pret. *søkkte*) [*slenge, henge, rekke, støkke, søkke*]; dei intransitive og sterke har ikkje: å *slenge* (*slong*), *henge* (el *hange*) (*hang* el *hekk*), *rekke* (*rakk*), *støkke* (*stokk*), *søkke* (*sokk*).